



## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar kyrkjelege fellesråd  
**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen  
**Dato:** 19. oktober 2017  
**Tid:** Kl. 18.00

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Rasmus Fitjar	Leiar
Terje Havro	Nestleiar
Gunvald Aarbø	Medlem
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten

Fitjar, 13. oktober - 2017

Harald Rydland, kyrkjeverje

Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet

### Sakliste:

#### Saksnr.

- F-26/17 Budsjett for 2018
- F-27/17 Ny prosedyre for møteinnkalling og protokollføring
- F-28/17 Høyring, ny lov om trussamfunn
- F-29/17 Godkjenning av referat
- F-30/17 Meldingssaker
- F-31/17 Open post



**Sak 26/17: Budsjett for 2018**

Kyrkjeverja har no utarbeida framlegg til budsjett for 2018. Når fellesrådet har gjort vedtak om budsjettframlegget vert dette sendt til kommunen saman med søknad/budsjettbrev. Rådmannen lagar framlegg til budsjett for Fitjar kommune 2018 som skal leggjast fram for endeleg politisk behandling i desember. I rådmannen si budsjettframlegg skal det liggja inne tilskot til kyrkja, men kommunestyret kan gjera endring i løyvinga under den politiske behandlinga.

Når kommunestyret har vedteke det endelege budsjettet for 2018, må fellesrådet over nyttår vedta detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løyvd.

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar me lønar i 2017 og kva stillingar me etter planen skal ha på slutten av 2018.

Avdeling	Stilling	2018	2017
Administrasjon	Kyrkjeverje	0,50	0,50
	Kontorhjelp	0,50	
Kyrkja	Kantor	0,65	0,65
	Reinhaldar/kyrkjetenar	0,10	0,20
	Vaktmeister/kyrkjetenar	0,10	0,20
Kyrkjelydsprest	Prest *	0,60	1,00
Trusopplæring	Kyrkjelydspedagog*	0,40	0,50
Gravplassen	Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50
	Kontorhjelp	0,10	0,10
<b>Sum</b>		<b>3,45</b>	<b>3,65</b>
	*Stillingane skal etter planen samlast i ei 100% stilling		

Nedanfor er det kommentarar for ein del postar som rådet bør merka seg:

1. For at dette budsjettet skal gå i hop treng me eit kommunalt tilskot på kr. 2.607.400,-. Etter revidert budsjett i 2017 var det kommunale tilskotet på kr. 2.422.900,-.
2. Avdelinga for administrasjon er styrka med 50 % stilling som kontorhjelp. Mykje av denne kontorhjelpa er tiltenkt prestetenesta som vil ha mindre ressursar enn tidlegare. Stillinga som kyrkjeverje er framleis 50 %.
3. For kyrkjeavdelinga er det lagt inn lønsmidlar til 65% kontor, 10% kyrkjetenar/reinhaldar og 10 % kyrkjetenar/vaktmeister. Elles er det lagt inn ressursar til maling, samt vedlikehald av taket på kyrkja med kr. 120.000,-
4. Avdeling for kyrkjelydsprest er sett opp med 100 % stilling første halvår 2018. For siste halvår er det lagt inn 60 % stilling som kyrkjelydsprest.
5. Tilskotet til trusopplæring som me får overført frå Bispedømet er på om lag 290.000,- Dette skal dekkja både løn og andre utgifter ved trusopplæringa. Dersom ein får etablert ein kombinert stilling som kyrkjelydsprest / barne-og ungdomsprest er det lagt inn at denne skal utgjera 40 % innan trusopplæring. Lønsvivået til den som vert tilsett vil avgjera kor vidt dette går i hop økonomisk.



## DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

6. I budsjettet for gravplassen er det lagt inn ekstra vedlikeholdsmidler for å fjerne fleire av dei store trea. Dette arbeidet bør helst utførast vinterstid når det er frost i bakken. Elles er det i budsjettet lagt inn 50 % stilling som kyrkjegardsarbeidar og 10 % stilling til kontorhjelp.
7. Når det gjeld investering må det leggjast inn midlar til fornying av gravfelt i tråd med planen som er utarbeid av Akasia. Utanom dette er det ikkje større investeringsprosjekt som står for tur i næraste framtid.

Fleire detaljar om budsjettet vil verta gjennomgått under møte. Vedlegget til budsjett som føl innkallinga manglar framleis noko dokumentasjon frå økonomiavdleiinga for at me kan laga ei framside med oppsummering og samanlikningstal med rekneskap for 2016. Eg håpar det er klart til å leggjast fram i møte. I mellomtida får me greie oss med budsjett for dei einskilde avdelingane

### Framlegg til vedtak:

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei endringane som kom fram i møte.

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

### **Sak 27/17: Ny prosedyre for møteinnkalling og protokollføring**

Rådet bør ta ei drøfting på prosedyrane me har hatt dei siste åra når det gjeld formalitetane rundt møteinnkalling og referat.

For å starta med det som gjeld protokollføring, har rådet ved fleire høve teke opp rutinen me har når det gjeld godkjenning av møteprotokollar. Protokollane skal vera offentleg tilgjengeleg etter at dei er godkjende. Sidan det til no har vore slik at rådet skal godkjenna protokollen på det neste møte, går det ofte svært lang tid før protokollane og vedtaka vert gjort tilgjengelege. Dette problemet kan vera råd å retta på dersom rådsleiar og skrivar får ei generell fullmakt til å godkjenna protokollane. Rådet kan då få protokollen som meldingssak på neste møte.

Når det gjeld dei formelle sidene ved møteinnkalling har eg som kyrkjeverje nokre tankar som rådet bør drøfta. I motsetning til dei fleste kommunar er Fitjar ein eittsoknskommune. Me har kun ei juridisk eining og den heiter Fitjar sokn. I kommunar med fleire sokn skal det etter kyrkjelova etablerast eit fellesråd med utvalde medlemar frå alle sokneråda og ein representant frå kommunen. Det er difor namnet fellesråd er komme til. Fellesrådet sine oppgåver er fastsett i § 14 i kyrkjelova, og går hovudsakleg på drift, økonomi og personalforvaltning på vegner av sokna. I eittsoknskommunar skal det etter lova kun vera sokneråd, men kommunen oppnemner eit medlem skal vera med i rådet når det vert behandla saker som elles ligg til fellesråda.

Dei siste åra har me her i Fitjar operert med eit klårt skilje for sokneråd og fellesråd, sjølv om det er dei same personane som sit i begge råda. Dette er ikkje rett i høve til kyrkjelova, og det byr på ein del utfordringar når det gjeld spørsmål om kva råd som skal behandla dei einskilde sakene. Eg vil føreslå at ein frå no av held seg til soknerådet i alle saker, men at ein i innkalling og møtebok har eit skilje for kva saker som skal behandlast med kommunal representant til stades.

Eit gode ein har hatt ved å operera med to råd, er at det har vore to leiarar som har delt på oppgåvene. Ein slik praksis bør me kunna finna ei ordning på framover, utan å komma i konflikt med kyrkjelova. Dette må rådet sjå på når det skal gjennomførast leiarval før nyttår.

Utfrå det som er teke opp her vil eg rå til at rådet sluttar seg til det som er gjort framlegg om i vedtaket nedanfor.



**Framlegg til vedtak:**

1. Rådet sluttar seg til at det frå no av, kun er Fitjar sokneråd som skal reknast som folkevald organ i Fitjar kyrkjelyd. Møteinnkalling og protokoll skal leggjast opp slik at det går klårt fram av dokumenta kva saker den kommunale representanten skal vera med på.
2. Rådsleiar og sekretær får fullmakt til å godkjenne protokollen frå soknerådsmøta. Rådet skal ha protokoll som meldingssak på neste møte.

**Sak 28/17: Høyring, ny lov om trussamfunn**

Regjeringa har sendt på høyring ny lov om trudomssamfunn. Informasjon om høyringa er tidlegare sendt til soknerådsmedlemene. Høyringsdokumentet er omfattande og det vil krevja ein del arbeid om Fitjar sokneråd skal sei i frå kva dei meiner om lovframlegget. No er det slik at ein ikkje treng ta for seg alle tema som høyringa omfattar. Dersom soknerådet måtte ha nokre få punkt som er viktig å seia i frå om kan ein avgrensa høyringa til desse. Høyringsfristen er sett til 31.12.2017. Ei løysing for å få ei god behandling av denne saka, kan vera at rådet gjev nokre av medlemene i oppdrag å utarbeida ei høyringsfråsegn. Denne kan då leggjast fram for rådet på siste møte før nyttår og deretter sendast inn. Meir om høyringa kan de lesa ved å gå inn på denne adressa på internett:

[www.regjeringen.no/2572665](http://www.regjeringen.no/2572665)

**Framlegg til vedtak:**

Rådet oppnemner personane desse til å vera med i ei gruppa som skal gå gjennom høyringa for ny lov om trudomssamfunn:

- 1.
- 2.
- 3.

Framlegg til høyringsuttale skal leggjast fram for rådet på siste møte før nyttår.

**Sak 29/17: Godkjenning av referat**

Utkast til referat frå møte den 21. september 2017 har sekretæren sendt ut i eigen e-post tidlegare. Det er fint om medlemene kan sjå gjennom referatet og komma med evt. merknader før det skal godkjennast i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 21. september 2017.

**Sak 30/17: Meldingsaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Tilstandsrapport for kyrkjebygget, ferdig rapport

**Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet tek meldingane til orientering

**Sak 31/17: Open post**